



Frå Gråfjell mot Tverrfjell med Austmannaskar i venstre kant (mms-foto: Ragnvald Myklebust)

På ein slik fantastisk vårdag som idag, er det mange som har tatt seg ein tur ut for å nyte naturen. Det har også Ragnvald Myklebust, som sendte oss ein flott beskrivelse av turen han tok.



Varden på Gråfjell der skatten var (mms-foto: Ragnvald Myklebust)

Uskedalen 19 april 2008.

Turen starta opp på lavegen med skia på ryggen første stykke. Spende så på skia då eg var kommen opp på kanten. Etter ca ti min kjende eg beina var tunge som bly. Stoppa da opp og henta ei lita flaske Coca Cola opp frå sekken, helde innpå, og det var omtrent som å setja fyr på eit bål. Kjende kroppen higa etter å komma vidare. Kom så opp til Austmannaskar, sette meg ned og skrella ei appelsin og nytte det strålende veret. Skiføret var heilt max. Sat og filosoferte litt og såg varden langt der inne, der ligg skatten tengte eg. Heiv på meg skia i ein fei og la på veg innover mot varden på Gråfjell. Denne gongen skulle ingen stoppa meg i å få skriva meg inn i boka. Etter ein god halv times skigange kom eg fram. Men fekk meg ein overaskelse, eg såg ingen bok? Sette meg ned; veldig skuffa over dette. Tenkte så; ho må vera her. Starta å grava i snøen, jau der såg eg i kanten på boksen, men han var heilt nedfrossen i is. Det såg heilt umulig ut å få opp lokket, eg tenkte eg går ikkje herifrå før eg har skriva meg inn i boka. -Basta. Og endelig; etter ein time og eit kvarter med isknusing fekk eg opp lokket, og lettelsen var stor. Min draum for dagen var gått i oppfyllelse, eg fekk skriva namnet inn i boka. Hurra! Sat og såg på varden på Tverrfjell, der skulle eg og ha vore, og dermed var eg på veg til den og for å skriva namnet i boka der og. Sitja her på toppen av Tverrfjell er ein stor opplevelse i sånt fint vær. Folgefonna, ut Mannsvatnet, Nåso, Englafjell. Det er eit syn som må opplevast. Rosendalsfjella var der og, men dei kan dei skryta av sjølve der inne.

Så starta heimturen. Hadde berre rent på ski hundre meter da tok det på vengene fire fjellryper som kakla mens dei flaug sin veg. Då kom eg på noko som eg las i boka på Gråfjell som Bjørn Egil hadde skriva for fleire år sidan. Sett nokre ryper? stod det. I dag kan eg sei til deg Bjørn Egil at eg såg fire fine fjellryper.

Rende så vidare på ski ned til Austmannaskar att på det fine skiføret. Kven andre enn harepus sprang ut foran beina mine. Han hadde frykteleg dårleg tid, så eg fekk ikkje snakka med han. På turen ut att langs hauglandsfjellet kom ei ørn seglande langs bjørkebeltet på jakt etter mat. Turen frå toppen av Tverrfjell og til toppen av Pålavegen var unnagjort på ein halv time. Folkens; kom dåke ut på ski i dei fine Uskedalsalpane vi har. Opplevelsane ligg og ventar. God helg.



mvh Ragnvald Myklebust.
Ps! Litt dårlege bilde dei er teke med mobilen.

Skorpo i bakgrunnen; vakker utsikt
(mms-foto: Ragnvald Myklebust)



Nåso i all sin prakt. Det rasa heile tida mens eg gjekk langs Hauglandsfjellet (mms-foto: Ragnvald Myklebust)